

03.05.2015

Eit knapt år etter nyplantinga ved Sykkylven kyrkje, kunne Gjensidige og Sykkylven Rotary Klubb (SRK) saman med kyrkjeverje Sporsheim slå fast at dei små misplane hadde greidd sin første vinter med glans – endå det ikkje var glansmispel, men flatmispel som vart planta.



Somme vil hugse at rundt 20.juni i fjor fekk det gamle plantefeltet ved klokketårnet seg nye plantar, etter initiativ frå SRK og finansiert med ein halvpart frå klubben og ein halvpart frå forsikringsselskapet Gjensidige. Gediminas, Andreas og Vegard utførte arbeidet for firmaet Sykkylven Hageservice. Nyleg kunne folk frå både kyrkja, klubben og selskapet vere samde om at så langt hadde alt gått bra. Alle misplane hadde greidd vinteren, og sjølv om plantane framleis ber preg av barndom, vil dei gro seg større etter kvart. Kyrkjeverje Arild Sporsheim seier seg på vegne av kyrkja særst nøgd med resultatet, og rettar stor takk til både SRK og

Gjensidige for initiativ og gjennomføring av prosjektet. Biletserie frå plantinga i 2014 finn du elles under Nyhende.

Biletet over: «Vi er einige om at dette vart bra!», seier frå høgre Hilde Aurdal og Tove Hole Stavik frå Gjensidige, president Jarle Svindseth i SRK og kyrkjeverje Arild Sporsheim om nyplantinga ved kyrkja. Simon støttar pappa sin eitt hundre prosent. Pådrivar Jan Kåre Aurdal frå SRK var ikkje til stades då biletet vart teke.



Dugnad i Kyrkjeparken

For sjette år på rad - minst, mobiliserte Sykkylven Rotary Klubb også i år til dugnad og innsats for ein vakker park rundt kyrkja, til glede for konfirmantar og andre som feirar og ferdast der i mai. Eit tjuetals Rotary-medlemmer stilte opp i den vakre aprilkvelden, og som vanleg gjekk arbeidet unna med liv og lyst. Reint matematisk burde innsatsen tilsvare det

som ein mann ville få gjort på ei veke, men i tilfelle som dette får vi alltid ein ekstragevinst på botnlinja. Resultatet kunne målast i til dømes to traktorlass med «foredla» greiner til flis, etter som Knut Jarle stilte med ny-innkjøpt fliskuttar og traktor som gjorde kort prosess med både greiner og kvist! Kai Otto sin traktor med hengar og høge karmar kunne berre stå og ta imot! Vi andre brukte som best vi kunne det vi hadde av sakser, spadar og plenriver, og – om vi torer å seie det sjølve: vi såg tydeleg skilnad før og etter innsatsen!

Biletet: Knut Vollstad og Greta Herje legg all sin kompetanse i å få det runde feltet ved inngangen så vakkert som råd er.



Midtveges i dugnaden kom Kostas (nærast) med kaker og kaffi. Dermed fekk arbeidskarane og –kvinnene eit kjærkome høve til å sleppe praten laus. Til høgre for Kostas ser vi Roger, Knut Jarle, Ove, Arild og Simon.



Olaf og dei to frammøtte damene Ingjerd og Greta. Det er uvisst kva dei rødde om, men det var nok noko kjekt.



Odd og Asbjørn har funne tonen - eller rette pausesignalet!



Siste post for greiner og kvist: inn i fliskuttaren til Knut Jarle (i midten), og derifrå rett opp i hengaren til Kai Otto. Arild til v. og arbeidsleiar Arvid til høgre. Dermed var dugnadsjobben til ende, og dei to kvinnene og rundt 18 karane rusla heim att, kvar til sitt og tok kvelden etter nok ein innsats for ei god sak.

Kopiert mai 2015, OP